

JORAMO  
BYGDEALMENNING

# ÅRSMELDING

## REGNSKAP

2021



Årsmøte på Joratunet onsdag 20. april 2022 kl. 19.00

# ÅRSMØTE 2022

Joratunet, onsdag 20. april 2022 kl. 19.00.

## Sakliste:

- Godkjenning av innkalling
- Val av møteleiar og sekretær
- Val av to personar til å skrive under protokoll
- Årsmelding og rekneskap for 2021
- Orientering frå styret om drifta komande år
- Val av styre og valkomité
- Fastsettjing av godtgjersle til styret for 2022
- Oppnemning av revisor for 2022
- Innkomne forslag

# JORAMO BYGDEALMENNING

## ÅRSMELDING FOR 2021

### STYREVERV OG REPRESENTASJON

#### *Styre:*

<i>Tor Ivar Hovhaugholen - leiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Birger Brækken – nestleiar</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Pål-Lasse Torstad</i>	<i>(2018 – 2022)</i>
<i>Øivind Groven</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Tore Amundgård</i>	<i>(2020 – 2024)</i>
<i>Marit Rolstad</i>	<i>(2020 – 2024) fram til 13.10.2022 *)</i>
<i>Morten Hovhaugholen</i>	<i>(2020 – 2024) fra 13.10.2022 *)</i>

\*)

*Morten Hovhaugholen har gått inn som ny styremedlem etter Marit Rolstad som saman med mannen har overdrege garden til son, og er med det ikke lengre valbar til styret og skal tre ut av styret.*

#### *Varamedlemer 2018 -2022:*

1. Konrad Eithun
2. Håvard Syse
3. Dag Siljehaug

#### *Varamedlemer 2020 – 2024:*

1. Morten Hovhaugholen (fram til 13.10.2022)
2. Irene Amundgård
3. Brit Elin Gråberg

#### *Valgkomité:*

- Tor Egil Selsjord  
Ola B. Killi  
John Magne Skaalgård*

#### *Varamedlem til valgkomitéen:*

*Arnulf Bentdal*

#### *Revisor:*

*PricewaterhouseCoopers AS, Lillehammer*

Styreleiar *Tor Ivar Hovhaugholen* er ålmenninga sin representant i *Dovre Elgutvalg..*

Årsmøte 2021 vart halde på Joratunet 13. oktober med alle seks styremedlemer til stades, ingen andre bruksrettshavarar. På grunn av pandemien og smittesituasjonen var årsmøte og val utsett frå planlagt dato 21. april.

Det er gjennomført fem styremøte i 2021. Ein del saker er behandla per e-post. Styret var på befaring i Grønbogen Fjelltak I samband med styremøtet 20. mai.

## **ADMINISTRASJON**

### ***Kontor og rekneskap***

*Narve Tveiten* er tilsett som ålmenningsstyrar. I tillegg til vanlege arbeidsoppgåver som styrar fører han òg rekneskapen for ålmennингa.

## **SPESIELLE STYRESAKER I 2021**

### ***Frivillig vern av skog***

Ordninga med frivillig vern av skog er eit samarbeid mellom Klima- og miljøverndepartementet og Norges Skogeierforbund om at alt skogvern på privat grunn skal skje som frivillig vern. Stortinget sette i 2016 opp som mål å verne 10% av skogarealet. Hittil er verna ca 5%. Skogeigarforeninga (Glommen Mjøsen Skog) har eit ansvar for å følgje opp ordninga.

Frivillig vern av skog vil si at skogeigar tilbyr staten skog som fredast som naturreservat etter Naturmangfaldlova, mot erstatning. Det er skogeigar som tilbyr. Det er inga binding ved å tilby og starte prosessen, og skogeigar kan trekke seg når som helst i prosessen. Ein beheld jaktrett, fiskerett og beiterett – hogstretten fell bort. Erstatninga er ei skattefri eingongsutbetaling for all framtid. Staten betaler alle kostnader gjennom heile prosessen. Skogeigarforeninga hjelper grunneigar gjennom heile prosessen.

Det er særleg gamal skog som har verneverdi.

Gjennomsnittleg erstatning (landsgjennomsnitt) dei siste åra har vore i underkant av 3.000 kroner per dekar.

Ved skogtakseringa i 2019 vart ein del areal i området ved Steinhovda som ved tidlegare takstar var klassifisert som uproduktivt skogareal omklassifisert til produktivt areal. Det dreiar seg om ca 1000 dekar. Dette er område det ikkje har vore skogsdrift i på over 50 år, heller ikkje vedhogst. Bonitetan i området er F6, hogstklasse 5B og alder 300 år. Det står  $3,7 \text{ m}^3$  per dekar – 15 tre per dekar.

Styret har bede Glommen Mjøsen Skog om å starte prosess med frivillig vern i området ved Steinhovda. I tillegg til produktivt skogareal er det teke med ein del uproduktivt areal, totalt 1.466 dekar.

### ***Erstatning i samband med ny Jorabru og omlegging av E-136.***

Styret godtok tilbod frå Statens Vegvesen på rund sum kr 215.000 i erstatning i samband med ny Jorabru og omlegging av E-136. Dette er erstatning for:

- skogareal og tomteareal
- nyttbart trevyrke
- tap av festeavgift for bussgarasje (tidl. halmlutingsanlegg)
- ulemper ved lengre terrenghtransport av tømmer pga av nedlagt avkjøring norda Jore og kostnader knytt til ny adkomst frå Vestsidevegen

## ***Søknad om løyve til sal av seterbebyggelse etter bortfall av opptatt seter.***

Nina Maripllass og Konrad Eithun har to setre til disposisjon ved at dei driv to bruk som både har seter; Frekstad med seter på Grønsetre og Maripllass med seter på Gardsenden. Dei brukar berre setra til Frekstad og ynskjer å kvitte seg med setra til Maripllass. Dei ynskjer å selja bebyggelsen på Mariplassetre.

Etter § 6-7 bokstav a) i lov om bygdeallmenninger fell retten til opptatt seter bort ved "oppgivelse utan forbehold".

Etter § 6-8 har eigar rett til å ha seterhus ståande som før og etter at retten til opptatt seter er falt bort etter § 6-7 bokstavane a) eller b), så lenge det blir halde vedlike og tilhører eigedom med tilliggande bruksrett. Det skal oppretta festekontrakt med ålmenninga. Utviding av bebyggelsen, sal og bortleige må godkjennast av ålmenningsstyret.

Etter § 6-9 kan ålmenningsstyret i samband med sal av seterhus m.v. til eigar av annan eigedom med tilliggande bruksrett, overføre retten til setra til denne eigedomen når vilkåra etter § 6-4 første ledd ligg føre. Denne bestemnelsen gjeld også rett som er falt bort etter § 6-6 og § 6-7, dersom ikkje anna er bestemt i bruksreglane for den enkelte ålmenning.  
Etter 6-4 har eigedom med tilliggande bruksrett i bygdeålmenning rett til å få utvist seter i ålmenninga – enten aleine eller saman med andre (fellesseter) – når det kan godtgjera at seter er naudsynt for drifta av eigedomen.

Saka vart lagt ut til gjennomsyn ved årsskiftet 2020/-21 med frist for å melde interesse for å overta setra. To bruksrettshavarar meldte interesse. Styret gjorde slikt vedtak:

*"Etter styret si vurdering er både søkerane kvalifiserte til å kunne få overført rett til seter til Maripllass dersom eigar gjev opp seterretten utan etterhald. Eigar og aktuell kjøpar må bli samde om verdi av bygningsmasse, gjerde og kve. Styret legg likevel til grunn at partane skal nytte landbrukstakst.*

*Dersom setra ikkje blir overført til anna eigedom med bruksrett, kan eigar likevel gje opp seterretten utan etterhald og behalde seterhusa mot at det blir oppretta festekontrakt med ålmenninga etter § 6-8 i lov om bygdeallm (bruksreglane punkt 6.6.). Etter denne paragrafen kan styret gje samtykke til utviding av bebyggelse, sal og bortleige. Styret har kome fram til at det ikkje er aktuelt å gje samtykke til sal av bebyggelse til fritidseigedom."*

Vedtaket inneber ei lemping av kravet til å få utvist seter, da ein av søkerane driv med sauhald. Bruk med storfe og bruk med sau er etter dette likestilte.

Eigar har så langt valt å behalde seterretten.

## ***Kjølerom for skogplanter – revisjon av utleigeordning***

Uthus med kjølelager for skogplanter vart bygd vinteren 2000/2001, og teke i bruk våren 2001. Det er Lesja og Dovre kommunar som står som leidgetakar av kjølelageret. Dei leiger også romet ved sida av kjølelageret med plass for kjøleaggregat og diverse planteutstyr. Utstyr for tining av stikkrenner har også vore plassert her. Leigd bygningsareal er 39 m<sup>2</sup>. Leigeprisen er kr 10.000 per år. Dovre fjellstyre leiger eit tilsvarande areal til garasje/lager. Resten av uthuset (19,5 m<sup>2</sup>) blir disponert av leidgetakar til leilighet i næringsbygget på Joramo Nærinstun.

Kjølelageret har utanom sesongen for skogplanter vore ein del nytta til oppbevaring av fallvilt og i jaktsesongen viltslakt. Romet er ikkje godkjent for slik bruk, og det har da heller ikkje vore kravd leige for dette. Etter kontakt med Mattilsynet i 2007 vart ein idé om kombinert bruk skogplanter/viltslakt skrinlagt.

Det var Lesja og Dovre kommunar som i 2000/-01 sto for innkjøp av kjøleaggregat (brukt) med tilbehør, finansiert med rentemidlar frå skogfond.

Våren 2021 fungerte ikkje kjøleaggregatet lengre, og reparasjon var uaktuelt/ikkje rekningsvarende. Styret vedtok at ålmennингa skulle stå for innkjøp av nytt kjøleaggregat til lager for skogplanter under føresetnad av at minst 90% av kostnaden vart dekt av offentleg stønad gjennom rentemidlar frå skogfond og anna stønad frå skogbruket.

Etter ny leigeavtale med kommunane skal drift og vanleg vedlikehald av utstyret inngår i husleiga. Uventa kostnader som ikkje blir dekt gjennom forsikring, vil bli søkt dekt gjennom tilskot frå rentemidlar og eventuelt anna stønad. Husleiga for kjølerom og tilstøytande rom for kjøleaggregat og planteutstyr skal vera uendra – kr 10.000 per år.

### ***Reforhandling av utbyggjingsavtale for Mysusmørbakken Massetak mellom Dovre kommune og Joramo bygdealmenning.***

Bakgrunnen for saka er at det med ny minerallov i 2010 kom krav om avtale direkte mellom tiltakshavar (Jan Haugen AS) og Direktoratet for mineralforvaltning (DMF) med omsyn til sikkerheitsstillelse for tiltak i driftsperioden og for opprydding etter avslutta drift.

Slik sikkerheitsstillelse var nedfelt i utbyggjingsavtale frå 2009 mellom Dovre kommune og Joramo bygdealmenning. I perioden 2009 – 2018 er det innbetalt til fond i Dovre kommune. Som startkapital vart det innbetalt kr 15.000. Kvart år er det innbetalt kr 2,00 per fm<sup>3</sup> masse, siste innbetaling i 2018. Renter er godskrive fondet etter pengemarknadsrente. Inneståande fondsmidlar per 31.12.2021 var kr 359.060.

Avtala mellom kommunen og ålmenningen er altså ikkje i samsvar med den nye minerallova, og det er dette som er bakgrunnen for revisjon av utbyggjingsavtala.

Ettet revidert utbyggjingsavtale skal inneståande fondsmidlar overførast til utbyggjar (Joramo bygdealmenning). Midlane vil deretter bli overført tiltakshavar (Jan Haugen AS), plassert på sperra konto som DMF panterett i.

### **BRUKSRETT**

Per 31.12.2021 var det 111 bruk i Lesja og 48 bruk i Dovre som har bruksrett i Joramo bygdealmenning, i alt 159 bruk.

Det er utbetalt kr 78.760 i bruksrettsytingar og tilskot til bruksrettshavarar, mot kr 273.509 året før.

Det er *utvist ved* til 10 bruksrettshavarar. Ni hogstar er blinka langs Hindåvegen, ein hogst i Brennhaugen (Vestsida).

Oversikt over *beitebruk* (fjorårstall i parentes):

Det blei sleppt totalt 664 (647) søyer, og 1162 (1173) lam på beite sesongen 2021. I tillegg blei det sleppt 219 (195) storfe.

Det totale tapet for sesongen 2021 blei 20 (18) søyer og 64 (45) lam.

Eitt lam er dokumentert drepe av jerv, opp mot tjue truleg drepe. Tolv dyr påkøyrt av tog. Dei andre tapa er knytt til sjukdom.

Eitt storfe er gått tapt.

Det er 12 aktive medlemer i Jora Beitelag.

## SKOGBRUKET

### *Skogkultur*

Det er utført markberedning på

Markberedning	99
Ungskogpleie	11

Total kostnad er kr 52.716. Det er innvilga kr 28.545 i tilskot.

### *Skogsdrifter*

Det har vore fem skogsdrifter i sesongen 2020/21:

1. Frøtrehogst (i fleire bestand ved Hindåvegen og mellom 2. lina og Setervegen).
2. Frøtrestillingshogst (bestand 164 nedanfor 2. lina mot Hindådalen og bestand 401 ved Brannvegen Nord)
3. Siktssone Raumabanen ved Svenskebakken  
82 m<sup>3</sup>, sagtømmer/massevyrke=28%/72%, rånetto = 263 kroner per m<sup>3</sup> (ingen driftsutgifter)
4. Tynningshogst (nord for Renseanlegget, nord for Gausdal Landhandel, nord for Hindåe)
5. Snauhogst (avskoging ovanfor Grønbogen Fjelltak)  
310 m<sup>3</sup>, sagtømmer/massevyrke=29%/71%, rånetto = 103 kroner per m<sup>3</sup>

Resultat hovudhogstar:

	Volum	%sagtømmer/ %massevyrke	Driftspris	Rånetto (inntekter - driftsutgifter inkl. avgifter)
<b>Frøtrehogst</b>	676	65/35	170	261
<b>Frøtrestillingshogst</b>	1.264	55/48	135	195
<b>Tynningshogst</b>	1.083	9/91	240	22

Gjennomsnittspris 2021 sagtømmer furu: kr 416,-/m<sup>3</sup>

Gjennomsnittspris 2021 massevyrke furu: kr 229,-/m<sup>3</sup>

Tømmerkjøparar sagtømmer: Moelven Østerdalsbruket og Skjåk Trelast

Tømmerkjøpar massevyrke: Stora Enso

I alt er det hogd 3.414 m<sup>3</sup> i sesongen 2020/-21, av dette er innmålt volum i 2021 lik 2.761 m<sup>3</sup>.

## JAKT

### *Elg- og hjortejakt*

Hjortejakt: Inga spesiell hjortejakt dette året.

Elg- og hjortejakt i Fjellfeltet

Lag: *Hans Olav Arnekleiv*

Kvote elg: 1 eldre okse, 1 yngre okse og 2 ungdyr/kalv

Felling elg: 2 eldre ukse (255kg, 180 kg) og 2 ungdyr ukse (150 kg, 94 kg).

Kvote hjort: 1 fritt dyr

Felling hjort: Ingen

Elg- og hjortejakt i Skogfeltet:

Lag: *Inge Birger Groven*

Kvote elg: 1 eldre ukse, 1 eldre kolle og 3 ungdyr/kalv

Felling elg: 1 eldre okse (228 kg), 1 eldre kolle (196 kg), 1 ungdyr kolle (100 kg), 1 ungdyr ukse (95 kg) og 1 ukskalv (67 kg)

Kvote hjort: 1 fritt dyr

Felling hjort: Ingen

### *Småviltjakt*

Oversikt over kortsalg:

Korttype:	Prisar (u.b./i.b./br.r.)	Utanbygds (rupe + hare:	Innanbygds:	Bruksrett:
Sesongkort med hund	1300/650/0	11+6	10	1
Sesongkort utan hund	1200/600/0	7+0	2	
3-dagars kort med hund	800/400/---	3+0		
3-dagars kort utan hund	700/350/---	2+0		

Resultat etter leverte fangstoppgåver (tal fra 2020 i parentes).

Hare: 4 (7) stk. på 27 (25) jaktdagar fordelt på 5 (4) jegerar.

Rupe: 29 (57) stk på 112 (119) jaktdagar fordelt på 27 (26) jegerar.

#### Bestandsvurdering fra jegerane.

Hare: Medels- bestand

Type: Svak+ bestand

#### Taksering/oppsyn:

*Jo Halgunset utførte rypetaksering i august. Resultatet av takseringa var nedslåande; enda mindre bestand enn førre året.*

Fangstgrensa vart sett til 1 rype per dag / maks 5 ryper per sesong per jeger dårleg resultat på takseringa.

#### ***Reinsjakt***

##### *Snøhetta:*

Kvote: 2 frie dyr, 3 kluftbukk, 9 simle/ungdyr og 10 kalv.  
Felling: 2 voksen bukk, 4 voksen simle og 1 bukkekalv  
(fellingsprosent = 29)

##### *Rondane nord:*

Kvote: 1 kalv.  
Felling: 1 bukkekalv (fellingsprosent = 100)

#### ***Rådyrjakt***

Bukkejakt: *Tor Ivar Hovhaugholen*  
Lagjakt felt 1 (sør for Raumabanen); *Bjørn Svendsgard*  
" " 2 (nord for Raumabanen); *Erland Løkken*

Kvote: 5 dyr  
Felling: 1 bukk og 2 geit (fjordyr)

#### **UTLEIGE AV NÆRINGSBYGG**

##### *Leigetakrarar pr. 31.12.2021:*

Sykehuset Innlandet: Ambulansestasjon

Norsk Landbruksrådgivning

Innlandet: Ragnhild Sjurgard (1 dag per veke)

## FORTSATT DRIFT

Føresetnad for fortsatt drift er til stades og årsrekneskapen for 2021 er sett opp med denne føresetnad.

## ØKONOMI

Regnskapet for 2021 syner eit overskot på kr 742.562 mot kr 281.434 i 2020. Største endringane i høve til førre året er:

- + Vedlikehald vegar: 16.762 ( ned kr 223.322)
- + Bruksrettsytingar og tilskot: kr 78.760 ( ned kr 194.749)
- + Erstatning/tilskot: kr 215.000 (opp kr 185.000)
- Sal av grus- og fjellmasse, netto: kr 134.206 (ned kr 106.816)


Per 31.12.2021 er innestående beløp i bank og kasse kr 2.702.406 (opp kr 1.119.106). Kortsiktige krav er kr 406.961 (ned kr 513.285). Kortsiktig gjeld er kr 573.218 (ned kr 371.171).

Joramo Næringstun, 23.mars 2022

  
Tor Ivar Hovhaugholen  
leiar


  
Birger Brækken  
Birger Brækken  
nestleiar

  
Pål-Lasse Torstad

  
Øivind Groven

  
Tore Amundgård  
Tore Amundgård

  
Morten Hovhaugholen  
Morten Hovhaugholen

  
Narve Tveiten  
ålmenningsstyrar